

**Kommuneoverlegen i Suldal gjer følgande vedtak etter smittevernlova paragraf 4-1 5.ledd for å stoppe spreiring av Covid-19 og bidra til å oppretthalde naudsynt helse- og omsorgstjenester.**

1. Alle som kjem til Suldal kommune, som har vore utanfor kommunegrensa i områdene nevnt i punkt 2, blir ilagt heimekarantene i 14 dagar etter at dei kjem heim.
2. Vedtaket gjelder alle som har vore utanfor Rogaland. Det gjeld også om du har vore i følgande kommunar i Rogaland: Karmøy, Haugesund, Randaberg, Sola, Sandnes (unntatt gamle Forsand kommune), Stavanger (unntatt gamle Rennesøy og Finnøy Kommune), Hå, Time og Gjesdal.
3. Reisande som ikkje har symptomar kan reise til planlagt opphaldsstad, men bør under reisen så langt det lar seg gjere, halde avstand til andre
4. Reisande med symptomar skal umiddelbart i isolering og kan ikkje bruke offentleg transport
5. For personer som utvikler sjukdom eller symptomar i karanteneperioden, gjeld myndighetene sine gjeldande føringar for konvertering av karantene til isolasjon
6. Transittopphald på flyhavn eller besøk til spesialisthelsetjeneste blir ikkje rekna som opphald i området
7. Førar og personell av varer og passasjertransport blir unnateke frå dette vedtaket sitt karantenekrav, men nasjonale føringar for karantene og isolasjon gjelder. Dette omfattar også personell som er naudsynt for å gjennomføre transporten.
8. Leiinga av verksemder som er lista opp etter DSB sin definisjon av samfunnskritiske funksjoner blir gitt adgang til å gjere unntak for eiga nøkkelpersonell når dette er strengt naudsynt for å oppretthalde forsvarleg drift av kritiske samfunnsfunksjoner.
9. Det er ikkje utreiseforbod.
10. Dersom du har behov for spesialisthelsetjenesta for å få forsvarleg helsehjelp, kan du likevel reise ut for å få denne hjelpa

Me presiserer at dersom du reiser ut av kommunen kan du komme til å havne i karantene når du kjem heim igjen.

Vedtaket har verknad frå og med 15.3.2020 kl. 18.00 og gjelder inntil nytt vedtak er fatta.

Rettsleg grunnlag

Smittevernlova paragraf 4-1 5.ledd gir kommuneoverlegen heimel til å sette i verk ulike tiltak i hastesaker: Når det er naudsynt for å forebygge ein allmennfarleg smittsom sjukdom eller motvirke at den blir overført i befolkninga.

Grunngjeving:

Covid-19 er erklært som eit alvorleg utbrot av allmennfarlege smittsomme sjukdom som kan få alvorlege helsekonsekvenser for mange mennesker. Sjukdommen er også erklært som en pandemi og ein alvorleg hending av betydning for internasjonal folkehelse av verdens helseorganisasjon.

Helsedirektoratet vedtok 12.3.2020 omfattande tiltak for å hindre spreiring av Covid-19 og for å bidra til å oppretthalde naudsynte helse- og omsorgstjenester. Formålet er å begrense spreiring av smitte lokalt, nasjonalt og internasjonalt. I tillegg er det for å beskytte helsepersonell og anna samfunnskritisk personell mot smitte og sjukdom.

## **Pressemelding: Hjelmeland og Suldal Kommune innfører skjerpa karantenekrav etter opphold i deler av Norge**

FHI har heile tida oppfordra til å at ein bør ta lokale avveiningar. Me har per i dag ingen påvist koronavirussjukdom i våre kommuner, og som ein sårbar region er det vårt ansvar å gjere vårt ytterste for å halde det slik lengst mogleg. Det er sannsynleg at vi allereie har koronavirussjukdom i våre kommunar, men vi må gjere alt vi kan for å hindre lokal spreiding. Dette er inngripande, alvorlege tiltak, som statsministeren og helseministeren har sagt. Dette er ikkje noko verken me eller sentrale myndigheter gjer med lett hjarte, men la det vere heilt klart: Desse tiltaka vil redde liv, seier kommuneoverlegane og ansvarlege for smittevern i Hjelmeland og Suldal Kommune, Bjarte Sørensen og Harald Bjarne Hellesten.

Saman med sin kollega i nabokommunen innfører dei begge krav om karantene for alle som har vore utanfor Rogaland. Det gjeld også om du har vore i følgjande kommunar i Rogaland: Karmøy, Haugesund, Randaberg, Sola, Sandnes (unntatt gamle Forsand kommune), Stavanger (unntatt gamle Rennesøy og Finnøy Kommune), Hå, Time og Gjesdal. Vedtaket gjeld frå og med i dag søndag 15. mars 2020 kl. 18.00.